



# Temahefte Kjøtproduksjon på kvige og ku



**Nortura**  
bondens selskap

**Tabell 1 – Slaktestatistikk frå Animalia for 2015. Alle storfe både NRF og kjøttfe**

	Kvige	Ung ku	Ku	Kalv	Ung okse	Okse	Kastrat
Tal slakt	19108	52979	61104	14103	126971	7915	2020
Slaktevekt, kg	223,1	257,1	288,5	122,8	308,3	352,2	268,4
Klasse *	5,44	3,62	3,84	4,91	5,94	5,97	4,69
Feittgruppe **	7,63	7,28	8,05	4,42	6,52	6,20	6,89
Alder	18,7 mnd.	3,0 år	6,0 år	7,1 mnd.	17,7 mnd.	2,6 år	22,7 mnd.
% kjøttfe	48,3	16,1	17,4	20,7	26,6	38,0	19,5
% av tot. vekt	5,3	17,1	22,1	2,2	49,1	3,5	0,7

\* Klasse 3=P+; 6=O+;

\*\* Feittgruppe 4=2-; 6=2+; 7=3-; 8=3

**Tabell 2 – Fordeling av slakt i ulike klassar, %. Nortura 2015**

Klasse	P-	P	P+	O-	O	O+	R-	R/R+	U- og betre
Kvige	0,3	3,6	10,1	22,4	28,1	12,1	7,3	15,5	2,5
Ung Ku	5,7	25,3	26,5	20,5	14,4	5,3	2,0	2,2	0,2
Ku	3,9	20,1	24,3	21,2	17,0	6,6	2,6	3,2	0,4

**Tabell 3 – Fordeling av slakt i ulike feittgrupper, %. Nortura 2015.**

Feittgruppe	1 (-1/1/1+)	2 (-2/2/2+)	3 (3-/3/3+)	4 (4-/4/4+)	5 (5-/5/5+)
Kvige	3,6	26,4	51,8	16,7	1,6
Ung ku	6,4	30,9	46,0	14,1	2,6
Ku	5,2	22,7	44,8	21,2	6,1

Det er behov for meir produksjon av storfekjøtt i Noreg. Tal fødde kalvar som lever opp per år og middel slaktevekt i ulike kategoriar avgjer omfanget. I denne samanheng er det behov for meir fokus på hodyr som kan gi framifrå slakt i eit mørkt, marmorert og magert perspektiv basert på fôrgrunnlag frå grovfôr og beite. Norge har store beiteressursar som blir for lite nytta. Det er på tide å verdsetja hodyra meir i kjøttproduksjonen enn som eit biprodukt frå mjølkeproduksjonen eller som nødvendige mordyr ved oppdrett av kjøttfekalvar.

### Kvige og ku utgjør ein stor del av storfeslaktet i Norge

Slakt frå Kvige, Ung ku og Ku utgjorde 47,7% av all storfeslakt i Norge i 2015 (Tabell 1) rekna etter vekt. Av dette utgjorde kvigeslakt 5,3 % av totale leveransar, og ca. halvparten av dette er kjøttfe.

### Kvaliteten på kuskalvt kan bli betre

Tabell 2 syner at klasse P til O- dominerer blant kuskalvt, mens kvigeslakt ofte kjem i klasse O- eller O. I stor grad vil klassen vera bestemt av rase og genetiske linjer innan rase. I kategorien "Ung ku" er det relativt mange slakt som er for tynne, mens innanfor "Ku"-slakta er det relativt mange som er for feite (Tabell 3). Oppfôring av magre kyr før slakting vil føra til tyngre slakt, redusert feitttrekk og betre klassifisering. Slanking av overfeite kyr før slakting, gir høgare utbetalingspris, og det vil redusera problemet med storfefeitt i varestraumen.

I Storfekjøttkontrollen 2015 er middel klasse for Kvige, Ung Ku og Ku i følgd R-, O+ og O+. For feittgruppe er tilsvarande tal 3 (Kvige), 3 (Ung Ku) og 3+ (Ku). Det er særleg mjølkekyr av NRF og Holstein som havnar i P-klassane, mens både kyr av både kjøttfe og mjølkefe har for mykje feitt ved slakting. Klasse er i stor grad bestemt av rase og genetiske linjer innan rase. Mens feittgruppe har mykje å gjera med fôrtilgang i forhold til behov for vedlikehald og produksjon. Det må vera eit mål at ein unngår storfeslakt i feittgruppe 1 (for tynne) eller over 3 (for feite). Slaktevektene både for ku og okse er på veg opp, og det blir også stadig fleire overfeite slakt (feittgruppe 3- og høgare).

### Kjøttproduksjon på kviger og ung ku.

Både som mjølkeprodusent og spesialisert kjøttprodusent må ein ta vare på dei beste kvigekalvane til rekruttering av buskapen. Men det skulle vera rom for meir kjøttproduksjon på kviger gjerne også ung ku som har hatt ein kalv. Når kvigene er velutvikla og store, kan det vera aktuelt å synkronisera brunsten for å få kortare kalvingsperiode.

Det er alderen på dyret som bestemmer om det kjem i kategori Kvige eller Ung ku. Kategori Kvige er frå 301 dagars alder til 2 år (730 dagar), mens Ung ku er frå 2 til 4 års alder. Dersom ein tenkjer på å nytta kvigekalvar til kjøttproduksjon, bør ein vurdere plass i fjøset og tilgang på grovfôr og beite. Levering av umogne og magre slakt er lite lønsamt. Kviger til slakt kan lett bli for feite dersom dei går på godt beite eller blir fôra sterkt inn mot slakting, mens ei ung ku som mjølkar eller går med kalv, lett kan bli for tynn. Kjøttproduksjon på kviger og ung ku må planleggjast godt, og du må tidleg bestemma deg for fôrstyrke og slaktealder og fôra dyra etter hold fram til slakting.

### Fôring etter hold er styrende for slaktekvalitet på kvige og ung ku

Fôrplan til kviger vil vera bestemt av tilgang på grovfôr og beite og kva tilvekst ein vil oppnå på dyra. Sjå temahefte "Vinterfôrplanlegging – ammeku" og Tine-brosjyra "Godt kvigeoppdrett".

Fôring av kviger omfattar både den stofflege sida (protein, mineral og vitamin) og energiforsyning (fôrstyrke). Det stofflege innhaldet i rasjonen bør dekkja dagsbehovet, mens fôrstyrken er den reiskapen me har til å styra tilveksten. Fôringa kan tilnærma vera lik anten ein brukar kviga til slakt eller til rekruttering. Dersom ein ynskjer å slakta kvigene ved 18-20 månaders alder, vil det vera rom for høgare fôrstyrke enn i eit vanleg oppdrett, spesielt for tunge kjøttferasar. Når beitet er godt, kan kviger over 6 månader klara seg utan anna tilskot enn salt/mineral. Det er viktig å vega eller ta brystmål på kviger vår og haust for å sjå om tilveksten er som planlagt. Kontroll med parasittar i beitet er heilt nødvendig for å ha jamn og god trivnad på kvigene. Kviger som skal insemineras på førejulsvinteren, bør ikkje gå for lenge ute på dårlege haustbeite. Det kan seinka vektutviklinga betydeleg.

I fjøset vil fri tilgang på godt grovfôr spare behovet for kraftfôr. Når FEm-konsentrasjonen er mindre enn 0,85 per kg tørrstoff, bør ein gi 1-2 kg kraftfôr per dag. Alle kalvar og kviger skal ha fri tilgang på reint og friskt vatn både ute og inne. Passe vekt ved 15 månaders alder er minst 60 % av vaksenvekt. For NRF vil det seia kring 400 kg, for lett kjøttfe 390 kg og tungrasekviger 450 kg. Hugs at det er store individuelle variasjonar for slike normtal innan rasen. Det bør vera eit mål å få slaktevekter på NRF-kviger og kviger av lett rase på 230-240 kg og tungrasekviger på 260-280 kg. Så sant ein har plass og fôr, er det pengar å tena på å inseminera kviga for å få ein ekstra kalv i buskapen.



**Tabell 4 – Fôrforbruk og dekkingsbidrag ved ulike driftsopplegg med kjøtproduksjon på kviger.**

Distriktssone 2

Prisar og leveringsvilkår for september 2016

Driftsopplegg	Rase	Middels grovfôr 0,88 FEm/kg TS		
		NRF Kvige u/kalv	NRF Kvige m/kalv	Kjøttfe kryssing Kvige u/kalv
Startalder med kvigekalv, mnd.		4	4	6
Startvekt kalv, kg		120	120	240
Verdi av kvigekalv ved start, kr		4850	4850	8540
<b>Alder ved slakting, mnd.</b>		<b>22</b>	<b>28</b>	<b>18</b>
Slaktevekt, kg		240	271	263
Tilvekst i gj. snitt, g/dag		624	271	752
Vekt ved salg av livkalv 4 mnd., kg			160	
Fôrforbruk totalt, FEm		2749	4531	2009
Kg kraftfôr per dag, maks.		1,5	3,0	2,0
Kg kraftfôr totalt		434	861	683
Grovfôr og beite, % av FEm		84	81	66
Slakteinntekter inkl. tilskot, kr		14048	15240	17585
Salg av kalv ved avvenning 4 mnd. kr			5940	
DB 2 per slakt, inkl. tilskot, kr		4377	10356	3670
DB 2 per slakt og år, inkl. tilskot, kr		2918	5178	3670

Pris på grovfôr kr 2,30 per FEm og kr 0,60 per FEm for beite

Kraftfôr kr 3,38 per kg

**Tabell 5 – Vektendring og fôrplan ved slanking eller feiting av kyr**

	Feit ku	Mager ku
Startvekt, kg	650	550
Holdpoeng ved start	4,5	1,5
Føringsperiode, dagar	135	75
Vektendring, g/dag	-300	+750
Holdpoeng ved slaktning	3,0	3,0
Slaktevekt (kg)/klasse/feittgruppe	290/P+/2+	290/P+/2+
FEm per dag i forhold til behov for vedlikehald og mjølkeproduksjon	-3	+3
Innsparing/bruk av ekstra kraftfôr, FEm	-400	+225

## Kjøttproduksjon på ku

For kyr som blir slakta som eit ledd i driftsopplegget, kan ein påverka slaktekvalitet og slakteverdien. Om dette er lønsamt, vil vera avhengig av pris på fôr, tilgang på plass og kor dårleg slaktekvaliteten er i utgangspunktet. Ved slanking av feite kyr skal ein starta med redusert tildeling av kraftfôr frå 6-8 veker ut i laktasjon og føra 2-4 kg mindre kraftfôr enn norm i ein periode på 4-5 månader før slaktning. Når ein går ned på kraftfôrmengda, bør ein bruka meir protein i kraftfôret. Slanking i siste del av laktasjonen fører ofte til redusert mjølkeavdrått, reduksjon i feittdepota, men liten endring av underhudsfeittet. Dersom ein skal føra opp kua til høgare slaktevekt og betre klasse, må ein ha nok plass og grovfôr og kua må vera frisk med god klauvhelse. Denne oppføringa kan gjennomførast i løpet av 2-3 månader før slaktning. Eksempel på vektendring og fôrforbruk er vist i Tabell 5.

## Vurdering av ulike alternativ

Det er ulike alternativ ved slaktning av kviger og kyr ut frå omsyn til dyrevern, praktiske tilpassingar og økonomi:

- Kjøttproduksjon på kviger er aktuelt når plass og tilgang på grovfôr og beite er god.
- Å la kviga få ein kalv (eller to) før slaktning vil føra til auka storfe-kjøttproduksjonen og meir inntekter per årsku.
- Innmelding og slakt av kyr på ordinær måte så snart som råd er aktuelt for å unngå skade eller lidningar på dyra eller sikra ein god mjølkeproduksjon (celletalskyr). Nødspekt kjem i tillegg.

**Tabell 6 – Dekkingsbidrag ved å slanka ei feit NRF-ku eller føra opp ei tynn NRF-ku (prisar frå september 2016)**

	Slanking av feit ku	Oppføring av mager ku
Sl.vekt, klasse/feittgruppe:		
• Fôr	310/P+/4+	265/P/1-
• Etter	290/P+/2+	290/P+/2+
Føringsperiode, mnd	4,5	2,5
Endring av slakteinntekter, kr	+1230	+1720
Kostnader, kr		
• Fôr (kr 3,00/FEm)	(spart fôr) +1200	(brukt ekstra fôr) - 675
• Diverse	-450	-250
Auka dekkingsbidrag, kr per ku	1980	620
Dekkingsbidrag, kr per mnd. i ekstra føringsperiode	440	320

Distriktsnettillegg, avløyser- eller produksjonstilskot er ikkje rekna med.

- Utrangering som ein del av driftsopplegget på grunn av alder, dårleg avdrått, lynne fruktbarhet og liknande. Her kan ein styra føringa mot god slaktekvalitet.

Bruk av kjøttfesemin på kyr som ein ikkje skal setta på kalvar under, er svært aktuelt. Her viser me til temaheftet "Kjøttfesemin på mjølkebruket". Ved utrangering som ein del av driftsopplegget kan ein studera slakteoppgjeret frå sist år og vurderer tiltak for å føra opp kyr som er for tynne eller slanka overfeite kyr. Sterk utrangering av kyr har også ein pris på auka rekrutteringskostnader, meir arbeid med oppmjølkning av kviger og lågare avdrått per årsku. Velfungerande kyr bør ein ta vare på og heller slakta NRF-kviger etter at dei har kalva og gått med 2-3 ammekalvar nokre månader.

## Konklusjon

Det er plass for meir kjøttproduksjon på kviger og ung ku når grovføreale og beite tilseier det. Dersom ein har nok grovfôr og plass, kan det vera pengar å tena på å føra opp tynne kyr i 2-3 månader før slaktning. Kyr som lett blir feite og som skal utrangerast, bør få redusert tildeling av kraftfôr frå 6-8 veker ut i laktasjon og slaktast når dei er kome ned i middels hold.

Ansvarlig for temaarket:

Øystein Havrevoll, Team storfe i Nortura, september 2016.

